

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Høyem

Emne: Brynet

Bygdelag: Brygjedalen

Oppskr. av: Kristina Brygjedal

Gard: Høyemo

(adresse): Høyemo, Høyem

G.nr. 127 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter eiga røynsle

## SVAR

Det vanlege ord for bryne her i bygda er "heim" (ei). At bryne kallar ein her for å "kvete". Heim er samnamn for allslag bryne, både grove og fine. Ein nummer dei dei grovheim og finheim.

Som grovheimen brukar ein no berre av dei vanlege smergerbryna ein får i handelen. Til finare heimar brukar ein naturstein. Ein sort av desse var henta atmed Björkvattnet i Sverige. Dei som henta dei, kjøpte med hest, og selde så ut i smått i bygda.

Alle reidskap blir fyrst slipt på slipestein. Når dei så etter nokon bruk blir sløse att, kann ein kvessa dei nokre gonger med grovt bryne. Men til sist blir egga "rind", og då må ein på slipesteinen att.

At tygna ut tjæn med hammar vit ein ikkje har vore brukta her i bygda.

2

Eldre folk vit i fortelja at  
åker ofte vart slipte på den  
måten at ein grūdde åker, att  
og fram på ein stein. Men nokre  
namn på steinen har dei ikkje  
knytt. No er denne måten ikkje  
i bruk lenger.

Ofst skulle ein kunne brü-  
ka ljåen ei åkt for ein slipte  
han att. Var det steinut mark,  
måtte ein slipa aftare.

Til ljåbryne brukar ein no  
mest smergelbryne. Grov natur-  
stein var det vanlege for, og er  
ernd i nokon mån i brüle. Bryne  
av tre er ikkje knytt gjete her  
i bygda.

For det meste tek ein ljå-  
en laus frå orvet når ein skal  
slipa. Veglengda til slipesteinen  
er vel det avgjerande. Når ein  
sliper, står (eller sit) ein slik at  
steinen roterer frå ein, og held  
så ljåen med egga mot seg.

Når ein bryner ljåen, setler  
ein orvet med enden mot marka.  
Andre enden, den ljåen er festa på,  
står ein i armhola, og held same  
armen etter ljåbakken. For andre banda  
held ein brynet. For brukar ein  
berre eit slags orv. Det er ein  
type som eg ikkje trur blir  
brüka andre stader. Men det

Kjenn vel utafør råvna av dette  
emnet.

Koppen dei får i tida bruke  
bera brynet i, kalla dei "heimhús"  
(eit). Det var laga av tre, med ei  
stropp på for å festa det til bel-  
tet. I dette heimhúset bruke dei  
ha vatn, så brynet skulle vera  
vett. Na har ein brynet i lomma.  
For ein bryner, stikk ein det i vatn,  
stryk det i dogga eller spyttar  
på det, om inga anna råd er. Å  
bera brynet i hove er ikkje kjend.

Mjålet ein får når ein bryner  
kallar ein her "heimkvæt" (eit). Følle  
seier at for vart det bruke mot ring-  
orm. Mot andre sjukdomar veit ein  
ikkje det vart bruke, heller ikkje  
korleis dei bruke det.

Gamle kallar fortel, at for å  
få brynet til å "ta på", bruke dei  
å leggja det i myra ei tid, då  
vart det bette.

Det som er nemnd i spørsmål  
18, 19 og 20 veit ein ikkje nokon ting  
om her i bygda.

Eller er å nemna at får  
bruke dei å spå på brynet. På  
det saq dei om dei skulle få "bry-  
ver" eller regn. Korleis dei gjorde  
det, og om dei råka, det nemner  
ikkje soqa om.